
Mars 15 Fredag

Mars 16 Lørdag

Mars 17 Søndag

1985

VOSSAJAZZ



BJØRN ALTERHAUG

«Fantasier for et miljø»

T-skjorter
m/trykk

Etiketter

Skilt

SERIGRAFO

skilt·silketrykk

Strandavegen 37, Boks 380
Tlf. 05-51 28 90 5700 VOSS

INNHALD:



5. Velkommen til Vossa Jazz
7. Billettkontor, Jazzkafe, OPE HUS
9. Kunstutstilling, Foto-utstilling, Alkoholfri Rock, Eldretreff
11. Jens Hauge
13. Dokketeaterverkstad, Tippetueteateret
15. Hege Tunaal
17. Eldrid Lunden
19. Robert Cray Band
21. Wild Bill Davis Trio
23. Mwendo Dawa
25. Freeman/Freeman Group
26. Program
29. Paquito D'Rivera med Son Mu
31. Baste Gröhn og Erling T. Gjelsvik
33. Joolz, Slade De Leveller
35. Max Roach og World Saxophone Quartet
37. Björn Alterhaug
39. Jugoslavisk Folkemusikk og Jazz
41. John Scofield/ Steve Swallow Duo

Program-redaksjon:
Stein Hanto (ansv.)
Dag Helleve
Egil Horne Mikkelsen

Layout:
Stein Hanto og
Voss Prenteverk
Trykk: Voss Prenteverk


Advokat

GUNNAR SVARTVEIT

Vangsgt. 54, 5700 Voss

Tlf. 51 32 05

Foto på framsida: Karl Amund Amundsen.



DNL's Sandringham "Kvitbjørn" i trafikk fra 1946–51.

"Hvor fartøy flyve kan..."

Om to år feirer vi vår 40-års dag som et pionérselskap innen sivil luftfart.

Scandinavian Airlines System ble stiftet 1. august 1946. Siden den gang har det skjedd utrolig mye innen den sivile luftfart. Alle selskap har bidratt med sitt for å skape et bedre tilbud. Men enkelte har likevel gjort mer enn andre.

Da SAS kom på vingene i 1946, var det ikke uten erfaringer. Skandinavisk luftfart hadde allerede markert seg, blant annet ved å stifte verdens første flyselskap i 1918.

I 1952 fikk SAS sin første DC-6B, og leveranseflyvningen fra Los Angeles til København ble den første transpolare flyvningen med et passasjerfly.

SAS åpnet også verdens første polar-rute mellom København og Los Angeles i 1954. Den første Nordpolrute, København – Anchorage – Tokio, var det også SAS som sto for i 1957. Samme år bestilte SAS, som det første ikke-franske flyselskap, de nye, hurtige Caravelle jetflyene, og de kom i trafikk i 1959.

I 1965 var SAS først ute igjen. Denne gang med å benytte elektronisk plassbestilling for hele Europa. To år senere var SAS det første selskap som anskaffet DC-8-62 – et fly med ekstra stor rekkevidde. Selskapet kunne i 1967 også innvie den nye snarveien, Trans-Asia Express, mellom København og Sydøst-Asia.

Sin første Boeing 747 kjøpte SAS i 1971. Flyet ble satt i trafikk mellom København og New York. Samme år åpnet SAS sin Trans-Sibir Express mellom København og Tokio.

Vi kunne nevne mer, men stopper her. Vi har bevist at vi kan vårt fag, i luften og på bakken, hjemme og ute i verden. Men vi vil gjerne bli enda bedre. Den virkelige kraften bak vår produkt- og serviceutvikling har vært våre passasjerers ønsker og vår skjerpede hørsel.

Å smile er hyggelig. Men å lytte betyr mer.

Hva vil du fortelle oss?

SAS

The Businessman's Airline

Velkommen til

VOSSA JAZZ

For 12.gong - velkommen til den musikalske marknadsplassen vår. Ta rikeleg for deg, og la inntrykka siga i selskap med den varme og forventningsskapande vårsola - som ventleg og vil vera festivalgjest.

Kva status har så jazzfestivalane i ei tid der trendar og tendensar skifter raskare enn nokon sinne? Vil festivaltilskiparane ein morgon vakna opp å finna at publikum har forlete arenaen? Marerittet står klart føre oss på netthinna. I ei tid der alle over 30 har det travelt med å fornekta alt dei tidlegare stod for, og dei under stort sett gjev blanke --- i kva som har hendt før 1980, kan tradisjonsbundne festivaltilskiparar lett sjå fanden på flat mark.

Vossa Jazz har funne ei tilnærma religiøs trøyst i at det finnst noko bak sminken og dei flagrande gevantane som folk flest erkjenner. Trass all åndsforlatt grafitti i form av musikkvideoar o.l., vil folk ha behov for møtet med den levande musikken - den levande kunsten.


Eit slikt møte vil vera ei utfordring. Det vil kreva noko av tilhøyraren. For Vossa Jazz er det ikkje nokon veg å gå - å yta kosesjon til det lettvinte. Dette betyr ikkje at programma våre utelukkande skal fyllast av vanskeleg tilgjengeleg musikk, men det må ikkje bli slik at festivalen berre skal gje folk ei stadfesting av dei mest konvensjonelle lyttevanane deira.


Vossa Jazz 1985 har ikkje altfor mange plakatnamn. Likefullt trur me festivalen vil innehalda mange fine musikalske godbitar. Om du vågar gå på noko du ikkje nødvendigvis er fortruleg med, vil du sikkert få ei fin musikkoppleving. Vilkåret er at du stiller med eit ope sinn.

No skulle ikkje dette vera ein litterær peikefinger. Publikum kjem til festivalen med ulike føresetnader og forventningar. Nettopp dette mangfaldet er med på å skapa eit fargerikt festivalmiljø.

Me har tillete oss å pirka i eit vepsebol. Vossa Jazz har røynsle for at det er vanskeleg å provosera fram publikumsreaksjonar - negative så vel som positive. Skulle me koma med eit oppriktig ynskje må det vera at publikum oftare kom med reaksjonar på det me gjorde.

Når så mykje er sagt, gå i gang og kos dykk....





Spesialist i spekemat og den originale

VOSSAKORV

Geitle

Offentleg slakteri

VOSSA JAZZ

Postboks 223 5701 VOSS
Kontor: Vangsgt.8 Tlf.05-512690

Billettkontor

BILLETTKONTORET er som vanleg i kinovestibylen.
Billettkontoret er ope: Fredag 14.00 - 21.30
Laurdag 11.00 - 21.30
Sundag 13.00 - 19.00


JAZZKAFE

Jazzkafeen har blitt ein populær samlingsstad under festivalen.
Her går det føre seg ei rad aktivitetar; konsert med viser og lyrikk eldretreff og kunst- og fotoutstilling.
På jazzkafeen kan publikum slappa av mellom konsertar og skigåing, og kjøpa mat for ein rimeleg penge.
Jazzkafeen vert offesielt opna fredag kl.17.00 med eit program med HEGE TUNAAL, viser og ELDRID LUNDEN, opplesing.
Opningstider i Jazzkafeen: Laurdag 12.00 - 19.00
Sundag 12.00 - 18.30
Det vert ikkje matservering fredag.

OPE HUS

OPE HUS har blitt ei svært populær tilskiping under Vossa Jazz.
På mange måtar kan ein vel seia at dette er eit forum for dei spesielt interresserte, der ein prøver å sameina ulike former for musikk og litteratur.
Dette året vert det eit møte mellom bergensforfattarane BASTE GRØHN/ ERLING T. GJELSVIK, og rock/punk-poeten JOOLZ og gitaristen SLADE DE LEVELLER frå England.

Hjå oss får du opptil 30% rabatt på fram-kalling og kopiering



KODAK film er festivalfilmen i år!

★ **Ny Ektachrome EES, kan pressast til 3200 ASA**

★ **Sjå vårt utval av svart/kvit og fargefilm**

★ **Gode tilbod i butiken!**

HERHEIM foto

SPESIALFORRETNING I FOTO OG FOTOARTIKLER

Tlf. 51 20 33 - 5701 Voss

Kunstutstilling

Kunstutstillinga er ein viktig del av Jazzkafeen. Utstillinga er open både for etablerte og uetablerte, og fylgjande stiller ut i år:

Åsne Slaattelid	- aquarel	Liv Styve	- tekstil
Ivar Jørdre	- måleri	Bjarte Skintveit	- tekstil
Kirsti Mjelve	- biletvev	Sigmund Gjernes	- måleri
Lise Birkeland	- skulptur	Kåre Herfindal	- keramikk
Anna Klyve	- aquarel	Jens Hauge	- foto
Tove Zwartzes	- aquarel	Leif Gjerme	- skulptur
Synnøve Tveit	- tekstil	Bjørn E. Mossefinn	- foto
Bodil Moen	- sølvsmykker	Kjersti Muri	- skulptur
R. Arntzen	- skulptur		

Fotoutstilling

Voss Foto- og Smalfilmklubb er ein aktiv klubb med omlag 50 medlemer. Utsillinga viser svart/kvitt bilete med fritt motiv.
Medlemmer frå Fotoklubben er også engasjerte som fotografar for Vossa Jazz.

Alkoholfri rock

Vossa Jazz vil i samarbeid med Voss Rockeklubb skipa til alkoholfri klubb i Jazzkafeen i Sosialkjellaren. Den belgiske synthpunkfunk-gruppa THE ABSOLUTE CONTROLLED CLINICAL MANIACS og den lokale gruppa VOX CELESTE vil syta for musikken denne fredagskvelden.

Tilskipinga er støtta av Statens Edruskapsdirektorat.

Eldretreff

Laurdag 16.mars kl.10.00 vert det eldretreff i Jazzkaféén. Dette har vorte eit populært og årvisst tiltak med underhaldning av artistar som er på festivalen, i tillegg til serveringa av kaffi og kaker.

Velkomen

TIL EIT SENTRUM I VEKST

OG TIL EIT DISTRIKT I UTVIKLING

VELKOMEN OGSÅ I

VOSS SPAREBANK



NORSK MUSIKFORLAG A/S

Karl Johansgt. 39 a

Stedet for jazzplater og noter.
Vi fører m.a. «Playalong»-plater og annet undervisningsmateriell etc.

Større og bedre enn noensinne.

VI SENDER OVER HELE LANDET

Norsk Musikkforlag, Postboks 1499 Vika, Oslo 1

Telefon (02) 42 53 67

JENS HAUGE



JENS HAUGE er fødd i Lærdal i Sogn. Han byrja å fotografera i 1971, og han har sidan 1974 nytta fotografi som personleg uttrykksmiddel. I dag vert han rekna blandt dei fremste innan nyare norsk fotografi. JENS HAUGE er sjølvlært som fotograf. Han er innkjøpt av "NORSK KULTURRÅD" ved fleire høve. Han har vore medlem av "Forbundet Frie Fotografer" sidan 1977. JENS HAUGE har også hatt mange separatutstillingar her i landet, i tillegg til at han har vore representert på ei rekkje gruppeutstillingar i inn- og utland.
I 1979 og 1983 vart han tildelt "Statens reise og studiestipend for kunstnarar". JENS HAUGE er for tida busett på Voss.

CUSTOS FINANS

mer enn bank

Strandgaten 9, 5000 Bergen - Tlf. 05-31 11 47

Lån til bil, båt, campingvogn- og flere andre gode formål.

Søknadsskjema og ytterligere opplysninger får du også på **Storebrand-Nordens** kontor
Vangsgt. 6 på Voss, Tlf. (05) 51 19 95

PIANO WEINBACH Rösler

Europeiske kvalitets-
pianoer og flygler
til riktig pris.

Fra kr.

Vi har dem!



HANS INGIER
Schlagerforlaget as

STORGATEN 23, OSLO 1 – POSTBOKS 9010, VATERLAND, OSLO 1
KORPSSENTER: GRENSEVEIEN 90, OSLO 6.
SENTRALBORD: 02 - 42 08 10

Dokketeaterverkstad



Tidlegare år har barneteater bore fast innslag under Vossa Jazz.
I år utvidar vi tilbodet med ein DOKKETEATERVERKSTAD. Gunnar Nygård frå COMMEDIA DUKKETEATER i Bergen inviterer laurdag og sundag borna til å vera med å lage dokkehovud.
NRK-fjernsynet vil gjera opptak av tilskipingane til bruk i program-posten "Norge Rundt".
Vangen skule, rom nr.5 laurdag og sundag kl.14.30.

TIPPETUETEATERET

TIPPETUETEATERET er ei fri proffesjonell teatergruppe frå Bergen. Teateret har vore drive på heiltid frå 1981, og spelar oppsøkande teater for born og foreldre. Under årets Vossa Jazz vil dei syna stykket "Månefarerne". Teaterstykket er opprinneleg tysk, av Grips Theater i Berlin. Handlinga i stykket går føre seg i bakgården til onkel Jens der småjentene Gry og Kristine går i gang med å byggja sin eigen månerakett. Problema oppstår når vaksne og ertelystne naboguttar blandar seg inn og meiner at dette ikkje er noko for jenter.
Stykket høver best for born over 5 år, men best av alt er det om heile familien vert med på måneferda.
Vangen Skule, gymnastikksalen laurdag kl.13.00.

Bøker
Papir
Skrivesaker
Me har utvalet



HEGE TUNAAL




Hege Tunaal er ein av dei mest kjende visesongarane her i landet. Ho er også veteran, med 18 år bak seg i bransjen. Men ho er ikkje berre visesongar, i dei seinare åra har ho også arbeidd som songar/skodespelar i forskjellige cabaretar og teaterførestillingar. Her kan nemnast Theodorakis-førestillinga "Snart gryr ein morgon" på Det Norske Teateret. I tillegg arbeider ho som songpedagog ved Statens Teaterskole.

I 1984 kom hennar siste LP-plate, "EPITAFIOS", songar av Mikis Theodorakis omsett til norsk av Svein Selvik. Med seg på denne plata har ho den kjende greske bouzouki-spelaren Lakis Karnezis som vel er mest kjend for musikken i filmen ZORBA.

Hege Tunaal har også fått Spelemannspris saman med Lars Klevstrand for LP-plata "Ola Skutvik og Mariann".

ELDRID LUNDEN





Gjenkjennelsen
Det handlar om kjærleik, frigjering og erkjenning.
Kr 92,00

Essays
Det handlar om kvinnesyn, språk, poesi og pedagogikk.
Kr 122,00

Samlaget


Nytt tilbod på Voss Postkontor

Kjøp og sal av REISEVALUTA på dagen – utan gebyr!

VOSS POSTKONTOR

POSTVERKET

ELDRID LUNDEN




Eldrid Lunden debuterte i 1968 med diktsamlinga F.eks.juli, (Samlaget), og seinare har ho gjeve ut fire diktsamlingar og essay, dei siste samla i Essays, (Samlaget) 82.

Etter diktsamlinga Hard,mjuk, (Samlaget) som kom i 76, har ho blitt rekna blandt dei fremste av nyare norske lyrikarar. Sjølv om det er stor spennvidde i temavalet i dikta hennar, kan ein kanskje bruka nemninga "kvinnedikt" for mange av desse, og då i positiv, og ikkje snever forstand.

Eldrid Lunden er også leiar for Forfattarkurset i Bø i Telemark, og er norsk medredaktør av det svenske tidsskriftet "Cafe Existens". Øvrig litterær produksjon: Inneringa, 1975, Mammy,blue, 1978, og Gjenkjennelsen, 1982, alle på Samlaget.

Bang & Olufsen




EIT FRAMTIDSRETTA FJERNSYNSYSTEM

★ SATELITT
★ STEREO
★ TEKST-TV
★ FJERNSTYRING
★ VIDEO
★ HIFI

ELEKTROSENTERET
m.o.mølster

ROBERT CRAY BAND



Robert Cray, fødd i 1953, ein bluesartist frå den amerikanske vestkysten, er i ferd med å verta ein nyskapar innan blues. Han fekk det store internasjonale gjennombrotet under fjorårets North Sea Festival. Cray har fleire store Chicago-musikarar som forbilder, m.a. Albert Collins, Johnny "Guitar" Watson, Freddy King, Buddy Guy og framfor alt Magic Sam. Sjølv om Cray har djupe røter i Chicagobluesen, er han i stand til å lausrive seg denne og gje musikken ei sterk personleg form. Musikken hans er på same tid autentisk, original og moderne.

Robert Cray har i ti år leia sitt eige band, og bassisten Richard Cousins har vore med frå starten. Dei andre medlemmene i bandet er David Olson på trommer og Peter Boe, keyboards og saksofon.

Den siste plata til Robert Cray Band, Bad Influence (High Tone), har gitt Cray einestående omtale, og viser at han er ein bluesutøvar med autoritet og ein songar og gitarist av høgste klasse.

PARK
HOTEL
VOSS



WILD BILL DAVIS TRIO



Wild Bill Davis er fødd i 1918 og starta si karriere som pianist og gitarist i ulike mindre ensemble, m.a. saman med songaren og altsaksofonisten Louis Jordan. I 1949 spesialiserte Wild Bill Davis seg på hammondorgel og er idag, saman med Jimmy Smith, ein av dei leiande på sitt instrument. I 1951 vart han medlem av storbandet til Ellington, noko han heldt fram med i fleire år. Mest kjend er Davis for samarbeidet med altsaksofonisten Johnny Hodges - eit samarbeid dei innleidde i 1965.

Guy Lafitte er ein av dei leiande saksofonistane i Frankrike. Han har spela med ei rad amerikanske jazzmusikarar, som Mezz Mezzrow, Bill Coleman og Dicky Wells.

Trommeslagaren Alvin Queen, amerikanar med base i Europa i mange år, har arbeidd saman med m.a. Horace Silver, George Benson, Charles Tolliver og John Coltrane.


Vet
holder tonen


MWENDO DAWA



Gøteborggruppa MWENDO DAWA vart starta i 1977, og fekk sitt store internasjonale gjennombrot under Monterux-festivalen i 1979. Til tross for at MWENDO DAWA i utlandet er ei av dei mest kjende Skandinaviske jazzgruppene, har ikkje det norske publikummet oppdaga gruppa. Kvartetten byr på musikk i den noko diffuse stilarten samtids-jazz. Musikken kan gje assosiasjonar til Weather Report, bop, Coltrane, men mest av alt MWENDO DAWA.

Ove Johansson spelar saksofon, Susanna Lindeborg spelar ulike tangentinstrument, Lars Danielsson spelar bass og tangentinstrument og eks-bergensaren David Sundby spelar trommer.
MWENDO DAWA har gitt ut 8 LP-plater.

SAL AV!



Om du har vore på leiting etter ein skikkeleg pub på Voss...
Om du har opplevd eit verkeleg pub-miljø andre stader...
Ja, så har du sikkert gjort deg tankar om korleis din pub skulle vere.

Det har vi også.
Me har opna
STALLEN PUB på Hotell Vossevangen.
Etter mykje arbeid og finpuss er resultatet blitt akkurat slik vi hadde tenkt.

Vår pub har eit originalt og vakkert interiør. Vår pub speglar vårt eige lokale miljø, ikkje importerte og framande omgivnader.
STALLEN PUB er ein uformell møtestad der du kan stikke innom når som helst og slappe av med velsmakande forfriskingar.

STALLEN PUB har koselege båsar der opptil 20 personar kan hygge seg ilag rundt bordet.
I vår pub er det fyr på peisen og lune sitjeplassar tett inntil.
I vår pub er det visesong og gode artistar som set ekstra spiss på den stemninga det alltid vil vere i ein ekte lokal stampub.

SAL AV!
Kom innom og sjå om det stemmer med ditt bilete av ein god pub!

Velkomen til

STALLEN
PUB
HOTELL
VOSSEVANGEN

STALLEN PUB er open kvar dag frå kl. 13.00 - 00.30

Freeman/Freeman Group



CHICO FREEMAN vaks opp i musikarmiljø i Chicago der faren, Von Freeman, spela i lokale grupper ma. saman med brørne sine. Jazzen var den musikkforma Chico fyrst kom i kontakt med sjølv om han seinare har vore innom andre musikalske retningar,ma. blues og rythm & blues.
Chico tok seinare til med studier på AACM (Association for the Advancement of Creative Musicians) og var her med i AACM Big Band og i bandet til grunnleggjaren av AACM, Muhal Richard Abrams. Chico leia også ei eiga gruppe med ma. Don Moye, Malachi Favors og George Lewis.
Chico har samarbeidd med Elvin Jones, Don Pullen og Sam Rivers, for å nevne nokre. Chico har også arbeidd saman med Sun Ra.
Chico gjesta Vossa Jazz 79 saman med Don Pullen, Bobby Battle og Fred Hopkins, var i Molde i Jack DeJohnettes Special Edition i 81.

VON FREEMAN er ikkje så godt kjent som sonen Chico. Von var med i ulike lokale band i Chicago, var med i Sun Ra's Orkester og har no i fleire år turnert saman med Chico. Til tross for at Von Freeman har levd eit heller anonymt liv, vil mange hevde at han har vore og framleis er ein av dei fremste på sitt instrument, tenorsaksofon.

Mark Thompson, piano, Cecil McBee, bass og Freddy Waits på trommer utgjer resten av gruppa. Denne gruppa stod på programmet til Molde i 1982, men melde forfall. No er sjansen her til eit nærstudium - tre kveldar i kjellaren på Hotell Vossevangen.

VOSSA JAZZ PROG

FREDAG 15.MARS

kl.17.00 Jazzkafeopning i Sosialkjellaren *HEGE TUNAAL, ELDRID LUNDEN*

kl.19.30 Konsert i Voss Kino *ROBERT CRAY BAND*

kl.21.00 Klubb Jazzkafe *THE ABSOLUTE CONTROLLED CLINICAL MANIACS, VOX CE*

kl.21.30 Klubb Leonardo *WILD BILL DAVIS TRIO*

kl.21.30 Klubb Stationen *MWENDO DAWA*

kl.21.30 Klubb Vossevangen *FREEMAN/FREEMAN GROUP*

kl.21.30 Klubb Fleischer *SON MU m/PAQUITO D'RIVERA*

LAURDAG 16. MARS

kl.10.00 Eldretreff i Sosialkjellaren

kl.12.30 OPE HUS Hotel Vossevangen *ERLING T. GJELSVIK, BASTE GRØHN, JOOL*

kl.13.00 Barneteater på Vangen Skule *TIPPETUETEATERET*

kl.14.30 Dokketeaterverkstad på Vangen Skule *COMMEDIA DUKKETEATER*

kl.16.30 Konsert på Mølstertunet *FOSSEGRIMEN, SPIROKETER, VOSS STORBAND, OLAV DALE, HERBORG BRYN*

Buss frå Holbergsplass ved Hotel Park kl.15.45. NB!

kl.19.30 Konsert i Voss Kino *MAX ROACH OG WORLD SAXOPHONE QUARTET*

kl.21.30 Klubb Leonardo *WILD BILL DAVIS TRIO*

kl.21.30 Klubb Stationen *MWENDO DAWA*

kl.21.30 Klubb Vossevangen *FREEMAN/FREEMAN GROUP*

kl.21.30 Klubb Fleischer *SON MU m/PAQUITO D'RIVERA*

SUNDAG 17.MARS

kl.14.00 Konsert i Voss Kino *BOSKO PETROVIĆ CONVENTION, PRVA PETOLETKA*

kl.14.30 Barneteaterverkstad på Vangen Skule *COMMEDIA BARNETEATER*

kl.18.30 Konsert i Voss Kino *JOHN SCOFIELD & STEVE SWALLOW*

kl.21.00 Klubb Vossevangen *FREEMAN/FREEMAN GROUP*

kl.21.00 Klubb Fleischer *SON MU m/PAQUITO D'RIVERA*

VossaJazz tek atterhald

GRAM

K CELESTE

OOLZ, SLADE THE LEVELLER

ND, KOR,

KA

ld om endringar i programmet.

Fleischer's




Tlf. (05) 51 11 55

HOTELL
VOSSEVANGEN

PARK
HOTEL
VOSS

Tlf. 51 13 22



Son Mu

Rykande fersk plate frå Hot Club Records
Til sals på festivalen



Paquito D'Rivera


Paquito D'Rivera med Son Mu

Paquito D'Rivera er fødd i Havana i 1948, og starta sine musikalske studier på sopransaksofon som femåring. I 1960 begynte han på Havana Conservatory for vidare musikkstudier, og i 67 vart han medlem i Orquestra Cubana de Musica Moderna og etter to år starta han saman med 11 andre musikarar gruppa IRAKERE. IRAKERE stod for ei blanding av jazz, rock, klassisk og tradisjonell Cubansk musikk. I 1978 var Irakere den store sensasjonen på Newport/New York og Montreux festivalane. Etter 4 plater med Irakere og omfattande turnear, "hoppa" Paqito av under ein turne i Spania og søkte asyl(1981). Kort tid etter reiste han til USA og bygde opp si eiga karriere. Etter 3 år og to solo-album vart D'Rivera rekna som eit musikalsk fenomen etterspurd av alle dei største festivalane. Seinare har Paquito turnert i Europa, Japan og USA saman med andre store jazz-navn og eigne grupper.


Fjorårets Kongsberg-festival hadde Paquito på programmen og det var her SON MU og Paquito fann kvarandre.

SON MU skulle vera kjend nok for norsk jazz-publikum, med utgangspunkt i afro-cubansk musikk, jazz og rock. I byrjinga vart hovudvekta lagt på afrikansk musikk, mens det i den seinare tida er impulsar frå ulike former for musikk frå dei vest-indiske øyer som har fått sterkare gjennomslag i SON MU.

Olav Dale, Knut Kristiansen, Arild Seim, Frank Jacobsen, Yngve Moe og Ole Hamre er den noverande utgåva av orkesteret. Plata deira kom på marknaden ei veke før festivalen.



Baste Grøhn



Erling T. Gjelsvik

BASTE GRØHN

BASTE GRØHN kan vel reknast som ein norsk "undergrunnspoet", som først i seinare år har vorte etablert, men aldri så etablert at tekstane er keisame og likegyldige.
På mange måtar kan han minna om både 50-åras beatpoetar, 60-åras poppoetar og 70- og 80-åras punkpoetar, sjølv om han ikkje kan setjast i nokon fast bås.

BASTE GRØHN debuterte i 1968 i antologien Gruppe 68, (Cappelen). Han har sidan publisert dikt i ei rekkje aviser, tidsskrift og antologiar, sist i ROCK, (Cappelen) i 84. Først i 83 kom han med eiga diktsamling, På striten, (Gyldendal), ei diktsamling som også vart lagt merke til av det "litterære establishment". På striten syner at ny norsk poesi i høgste grad er vital.
BASTE GRØHN har også samarbeidd med rockmusikarar, og han er kjend som ein svært god opplesar av dikta og tekstane sine.

ERLING T. GJELSVIK

ERLING T. GJELSVIK er ein av dei yngre etablerte forfattarane her i landet. Etter den svært gode mottakinga debutromanen Dødt løp , (Gyldendal) fekk då den kom ut i 78, vart det stillt store forventningar til den andre boka hans, Den som lever ved sverd (Gyldendal), som kom ut i 81. Med denne romanen viste ERLING T. GJELSVIK at det ikkje var tilfeldigt at han vert rekna som ein stor forteljar.

Han greier å sameina spenning og driv med engasjement og brodd i bøkene sine. Gjennom stoff henta frå reiser m.a i Sør-Europa og Latin-Amerika, klarer han å skapa litteratur som er ei velsigna motvekt mot ein del nyare norsk "sjølvdiggar og lidande sjelslitteratur". ERLING T. GJELSVIK viser at det kan vera bra å sjå litt ut over vår eigen navle, m.a på det som skjer i Latin-Amerika i dag, både politisk og kulturelt. Han arbeider no med ein trilogi med bakgrunn i ungdomsopprøret" 65-75.



Joolz



Justin Sullivan

JOOLZ

JOOLZ er ein rock/punk/avantgarde-poet som opptrer med ei slik kraft og vitalitet at norske "stuntpoetar" verkar som sundagskuleelevar med falda hender til samanlikning. Som den ekte rock-poeten ho er, gir JOOLZ ut singleplater i staden for diktsamlingar.

Men det er på scenen at JOOLZ verkeleg viser kva for ein unik poet, skodespelar og artist ho er. Med skarpe, sarkastiske, dramatiske og humoristiske tekstar, og lilla hår, svarte lærklede dekte med smykker, let ho aldri publikum sitja uengasjerte.

I byrjinga var JOOLZ påverka av Mersey-poetane Roger McGough, Brian Patten og Adrian Henri, (sistnemnde var på Vossa Jazz i fjor), men seinare har ho utvikla ein heilt personleg stil. Tekstane tek som oftast utgangspunkt i dagleglivet, og sidan ho bur i Maggies rike, med stadig fleire arbeidslause, er det naturleg at mange av tekstane går på følgjene av Maggies jernharde økonomiske politikk.

SLADE DE LEVELLER

JUSTIN SULLIVAN, alias SLADE DE LEVELLER, er fyrst og fremst kjend som songar, tekstforfattar og gitarist i New Model Army. Denne rock-gruppa, som har vorte ei kultgruppe i England, er eit av dei nye banda som er med på å snu utviklinga bort frå inkjeseiande syntetisk elektro-pop.

Gjennom intelligente, krasse og sosialt engasjerte tekstar prøver SLADE DE LEVELLER å få fram kampviljen hjå folk, det er ikkje tilfeldig at SLADE har delteke aktivt i støttekonsertar for streik-ande gruvearbeidarar og CND (det engelske Nei til atomvåpen). Men fyrst og fremst lagar han god rock, og han syner at god rock ikkje treng vera likegyldig.



World Saxophone Quartet



Max Roach

Max Roach og World Saxophone Quartet

MAX ROACH (f.1925) er ei lys levande trommelegende. Ei oppsummering av karriera hans er ein gjennomgang av jazzhistoria sidan 1940-åra. Roach utvikla sin eigen spelestil i samarbeidet med Parker, og saman med Parker,Gillespie, Monk og andre "arbeidslause" jazzmusikarar (swing dominerte enno scenen) utvikla Roach den nye jazzstilen, bebop.
I denne nye, friare jazzforma, vart Roach ein av dei verkelege front-figurane. Han skapte ein spelestil som gjer trommene til noko meir enn eit supplement til solistane, han er den som gjer tromme-soloar til eit fullverdig bidrag i heilskapen.

Det er ikkje råd å nemne alle Roach har spela saman med, men han har arbeidd saman med mest alle som har betydd noko i utviklinga av jazz. I mykje av den musikken Roach spela inn i 60-åra er det ein klårt politisk bodskap. Han har vore ein forkjempar for rettane til dei farga i USA og Sør-Afrika, noko melodititlar som " We insist! Freedom Now Suite", "Freedom Day", og "Tears for Johannsburg" skulle understreke. Denne aktiviteten førde til at Roach i ein fem-årsperiode vart boikotta av amerikanske platestudio, og platene hans vart nekta utgitt i USA. Seinare har han fått gjennomslag for sine politiske synspunkt, slik han i si tid fekk for dei musikalske.
Max Roach er idag sett på som jazzens mest betydelige trommeslagar, og ein av dei mest inflytelsesrike musikarar uansett instrument.

WORLD SAXOPHONE QUARTET er samansett av anerkjente musikarar i dagens jazz. Julius Hemphill, Oliver Lake, Hamiet Bluiett og David Murray. Saxofonkvartetten gjesta Vossa Jazz i 1981, og seinare har både Lake og Murray vore på Vossa Jazz med sine eigne grupper.

Max Roach og World Saxophone Quartet har spela saman to gonger tidlegare, og Vossa Jazz fekk ideen til dette nye samspelet av David Murray.
Dersom alt går slik Vossa Jazz ynskjer vil konserten verta utgjeven på plate.

KONSERTEN ER STØTTA AV Mobil SAS

La oss samarbeida
om økonomien din.

– Tenk i dag på låna
du treng i morgon!

Konto i

Vekselbanken
A.S Voss Veksel- og Landmandsbank

er med å tryggja framtida di

BJØRN ALTERHAUG

«Fantasier for et miljø»

Sidan 1983-festivalen har Vossa Jazz urframført tingingsverk spesialskrive for festivalen og dette er noko Vossa Jazz ynskjer skal verta ein tradisjon.

Dette året har Vossa Jazz bedt bassist og komponist Bjørn Alterhaug skriva eit verk som skulle dra inn musikklivet på Voss. Symfoniorkesteret FOSSEGRIMEN, VOSS STORBAND, rockegruppa SPIROKETER, OLAV DALE og HERBORG BRYN skal føra fram verket under leiing av Lars Ragnvaldsen og Bjørn Alterhaug.

Alterhaug har kalla verket "Fantasier for et miljø" og ideen bak prosjektet er å få til samarbeid over dei musikalske "grensene" Verket er ein "collage" med parti med innslag av rock, jazz og moderne kunstmusikk og parti med sampel over/på tvers av musikalske retningar. Det regionale symfoniorkesteret FOSSEGRIMEN består i hovedsak av amatørar, men er forsterka av heiltidsmusikarar frå Harmonien i Bergen.

Forutan saksofonisten OLAV DALE er resten av aktørane amatørar.

Prosjektet byr på uvanlege utfordringar for deltakarane, og Vossa Jazz vonar at dette kan føra til utvida samarbeid i musikkmiljøet på Voss. BJØRN ALTERHAUG har i mange år vore leiande i det norske jazzmiljøet. Forutan å vera fast medlem i Kapstad/Johansen Kvartett og New Cool Quartet er Alterhaug lærar ved Musikkviteskaplig Institutt ved Universitet i Trondheim. I samband med Stavanger Festnetter i 1983 hadde Alterhaug skrive eit større verk "Jazz Conference", for eit handplukka ensemble av leiande europeiske jazzmusikarar.

Prosjektet er støtta av VEKSELBANKEN, Norsk Kulturråd, Fond for Utøvende Kunstnere og Hordaland Song- og Musikkråd.

Konserten vert i aulaen i nybygget på Mølstertunet og det vert sett opp buss frå Holbergsplass ved Park Hotel laurdag kl.15.45. NB!

VOSSA JAZZ

takkar

NSB



for reisestønad
til Boško Petrović
og Prva Petoletka.

Jugoslavisk Folkemusikk og Jazz



Endeleg er internasjonal folkemusikk attende på programmet til Vossa Jazz. På invitasjon frå Det Norske Utenriksdepartement vil vi få møta ein av dei leiande jazzmusikarane i Jugoslavia, Bosko Petrović og kvartetten hans Boško Petrović Convention. Kvartetten vil framføra ei reise i tid i jugoslavisk rytmisk musikk og jazz. Vibrafonisten Petrovic er initiativtakar til reisa og med seg har han Damir Dičic, gitar, Mario Mavrin, bass og Salih Sadiković, trommer.

Andre del av konserten er vigd det 25 medlemmer store folkemusikk-ensemblet PRVA PETOLETKA. Dei vil i musikk, dans og folkedrakter syna musikalske glimt frå heile Jugoslavia.

NSB stør konserten.

Godt utval i TOPP instrument



Selmer, Conn } Blåseinstrument

Exelsior, Viktoria, Titano. } Trekkspill

Hohner: torader

Godwin Yamaha } Orgel - Piano

Fender, Terada. } Forsterker - Gitar

TENSAI musikkanlegg og video


Stemming - Reparasjoner


Marcato -MUSIKKHANDEL-

JOHS. & B. MANDELID

Voss tlf. 51 13 64

John Scofield/ Steve Swallow Duo





John Scofield er vel for dei fleste kjend som gitaristen til Miles Davis. Han har vore med i orkesteret til Miles i eit par år.
I samarbeidet med Miles utmerkar Scofield seg som ein av dei mest interressante orkestermedlemene, noko Moldekonserten sist haust kunne stadfeste.
Tidlegare har Scofield samarbeidd med ei rad kjende jazzmusikarar, som Billy Cobham, Jay McShann, Gary Burton, Gerry Mulligan, Chet Baker og Charlie Mingus. John Scofield var på Kongsbergfestivalen med Dave Liebman Quintet, og er også kjend for triosamarbeidet med Adam Nussbaum på trommer og Steve Swallow på bass.
Steve Swallow har i mange år vore rekna som ein av dei "store" på elbass. Swallow er av mange hugsa for samarbeidet med Gary Burton, der han også var medkomponist på nokre av Burtons mest kjende plater.
For nokre år sidan var Steve Swallow i Bergen som medlem av Carla Bleys orkester.

Stedet for sportsfolk

Fleischers Hotel

75 værelser, alle med bad, dusj og toalett.

OG MOTELL

30 leiligheter for 2-6 pers.

Leilighetene er av høy standard og inneholder:

* Dusj og toalett
* Fullt utstyrt kjøkken
* Telefon, radio og TV.
* Parkeringsplass m/motorvarmer

Gode møtelokaler for opp til 300 pers.

Svømmehall m/2 sauna.

TOP SPOT DANSEBAR

med grill og internasjonalt orkester.

«**After skiing party**» med peiskos, glovarm gløgg.

Egen hyggepianist.

Velkommen

Fleischer's



Tlf. (05) 11 155

PIANOER FLYGLER

VOSSA JAZZ

FESTIVAL 1985

VELGER

SCHIMMEL
PIANOS

TIL KLUBBENE

VI GRATULERER

Kvalitet og topp service er vårt kjennetegn.

Bergen Pianoforretning

Jon. Sørsgrsgt. 9 - 5000 Bergen - Tlf. 23 06 92

kilde

Siviling. Falch, Ringheim og Solberg
Konsulentkontor – akustikk.

Bergslipl. 2,
5700 Voss
Tlf. 05-51 28 80

Støyreduksjon - Måling - Analyse -
Rom- og bygningsakustikk
Kurs. Kunnskapsformidling.

Les om VOSSA-JAZZ
i
Hordaland
100 år

TA TURENTIL
a-s Smarty
Uttrågt. 23, 2. høgda i Billig-Go
Tlf. 51 19 66

Advokatene
Sjur Vinje
og
Odd Arne Flage
Medlemmer av Den Norske Adv.forening
Vangsgt. 6, 5701 VOSS


Til Fagarbeid - Bruk Fagfolk!

Tømrarfirma

Eilert Lund & Stein Hanto

5700 Voss

Tlf 513920 - 512861



A/S George Rokne & Co.

5701 Voss

Maskiner og utstyr for landbruket
Kontakt oss

Landbruksservice a.s
BONDENS BUTIKK
Voss tlf. 51 26 50



VOSS BRANDTRYGDELAG
5700 VOSS

Tlf. Voss 51 11 61

Alt i daglegvarer

Berland mat

EKKO KVANTUM

I Uttrågt./Sosialbygget - Tlf. 51 29 90

DAGLEG FESTSPEL

Det er berre ei musikkform me likar like godt som jazz: Dei mjuke og velgjerande tonane som vert trylla fram på kassaapparata våre.

VELKOMEN TIL DAGLEG FESTSPEL HJÅ OSS!

MATBUA:
Kjøt, fisk, frukt og alle daglegvarer til rimelege prisar.

BUALOFTET:
Du finn ikkje maken på Voss: Gardin, sengeutstyr, handkle, dukar, arbeidstøy, regntøy, steintøy og kjøkkenutstyr.

JERNVARE/MASKIN:
Eineforhandlar av:
BOSCH – STIHL – J.D. – ISEKI

Hendi **Kjede-samarbeid** FK **- Samarbeid**

Du finn oss midt på Vangen!

L/L VOSS HANDELSLAG

Vårt utvalg i noter og plater
er verdt et besøk!
Skriftlig og telefonisk henvendelse
setter vi også pris på!!

MUSIKK-HUSET A/S
KARL JOHANSGT. 45 - OSLO

Tlf. butikken: 42 72 84
Tlf. forlag: 42 50 90

Utleige av:
Turski
Alpinski

100 m frå GONDOLBANEN

GAUSEL SKIUTLEIE

PÅ REISE?

Me ordnar alle slags reiser i inn og utland

NSB-REISEBYRÅ

Uttrågt. 32, Tlf. 05-51 18 35

TILLUNG & CO.

VANGSGT. 8

FRUKT – TOBAKK – AVISER

VEKEBLAD

GRAVING
SPRENGING
BETONGARBEID

as Maskinoppdrag

AUTORISERT ENTREPRENØRFIRMA

Rute 4429, 5700 Voss

Tlf. 51 76 49/51 78 50

JAZZ OG SKI



20 km preparerte alpinløyper
14 forskjellige nedfartar
7 heisar og trekk
Kapasitet 4750 pers. pr. time.

L/L Voss Ski- og Fjellheisar

Martin Tvilde A/S

Fargehandel

Tlf. 51 19 75

VossaJazz Meny
15. - 17. mars 1985



Vangen CAFÉ

Bayonneskinke m/surkål	37,-
Kjøtkaker m/ ertestuing	29,-

VANGEN
Vangsgt. 42, Voss

OK Loven

Klær for dame, herre og ungdom

O.K. Loven A/S
Vangsgt. 41, 5700 VOSS
Tlf. 055-11 302

Drikk Coca-Cola REG VAREMERKE

Have a Coke and a smile.

Coca-Cola. En real forfriskning.

Th. Jersin

Vangsgt. 8,
Agentur og lager


VANG pensjonat

Utrågt. - 5700 VOSS

BO BILLIG
BO SENTRALT
BO GODT
BO VANG

Vi leverer snitter og selskapsmat

Tlf. (05) 512 145



L/L Voss Felles-Bakeri og Konditori

5720 Palmafossen



Voss Prenteverk, Voss